

Til morsfesten - jonsokdag 1931

Jonsokdag - høgsumartider
soli drys gull yver bakker og lider.
Blomane voggar i svale sumarvind,
graset lyser grønt frå bø til høge tind.
Sjø kor alt nikkar og lær
og smiler mot kvar ein gjest,
og ynskjer dykk alle velkomen her
i dag, til vår jonsokfest.

Garden er liten og visst er me få
og trongt vert det kanskje i stova;
men hjarterom hev me, og då skal det nok gå
- å gjera vårt beste, me lova - !
Me vilde so gjerne de det gildt skulde få
og hyggja dykk her i dag,
so de glade og nøgde kunde gå
heim frå vårt jonsoklag.

Heime gjekk du dag etter dag
- frå morgon til kvelden seine -
og kava med arbeid av ymse slag,
kjende deg ofte trøytt og åleine.
Kanskje gløymde du reint at ditt yrke
er det største av alt på jord? -

Og difor kom morsdag med takk og blommar
ein trong til å syna i ord
den takksemnd og kjærleik som i hjarta ljomar
mot deg deira eigi, gode mor!
So takk då, for alt det du er og var,
for alle dine tårer og bønner!
Me vil freista å gå i dine fotefar,
verta gilde døtrer og søner.

Velkomen då alle de som gjester oss i dag,
- vegen var nok lang og tung å fara - ;
men gjev me må få ei rik hugnadsstund i lag
som lenge i minnet vil vara!

Tekst: Astrid Alme